

Ole Nilssen

Premiér





Mor, far og pols. Det var mine første ord. På to bein, med støtte frå stuebordet og med lett og gyngande svikt i knea, masa eg støtt om å få høyre Borghild-polsen frå CD-spelaren.

Kvar einaste sommar, frå me var heilt små, fekk eg og syster mi, Anne, vere med på kappleikar og festivalar, dansefestar og danseøvingar. Mor og bestemor lærde meg å danse, far og bestefar lærde meg å spele. Det måtte gå som det gjorde.

Bestefar inviterte meg kvar veke til lekse- og toradarkafé. Me rekna matematikk, åt middag, drakk kaffi og spelte toradar. Seinare fekk eg mitt første kromatiske trekkspel, og etter to år med iherdig øving starta eg ved folkemusikkлина på Vinstra vgs. Her møtte

eg eit fantastisk miljø med musikksvoltne jamaldringar frå heile landet. Tom Willy Rustad styrte skuta, og kursen vart sett mot Norges Musikkhøgskole (NMH).

På NMH var det hardt arbeid, uendelege øvingsøker og mykje nytt som skulle lærast. I tillegg til kyndig rettleiing frå mellom andre Jon Faukstad og Jo Asgeir Lie, har mine dyktige og kunnskapsrike medstudentar vore med på inspirere mi utforsking av folkemusikkverda.

Slåttane du får høyre på denne plata er slåttar eg har spelt sidan eg var liten, slåttar eg nettopp har oppdaga, slåttar eg har lært av andre, og slåttar eg har funne i gamle notebøker. Gamle slåttar og nye slåttar. Håpar det fell i smak.



Den faan spelte i Skjeftåsen

trad.

Den legendariske Halteguten, Ola Porkkala Lekmoinen, frå Finnskogen kunne spele seg inn i ein transliknande tilstand, og stoppa ikkje før strengane vart klypt av fela hans. Den dagen han døydde let det framleis frå fela, sjølv om hjartet hadde stogga. Og i heile tre dagar spelte fingrane hans i lause lufta før dei fall til ro. På ei av sine mange spelferder høyrde Halteguten sjølvaste fanden spele denne springdansen.

Abraham kalder

etter **Borger Simonsen Hestnæs (1793–1869), Stange**

Under ei innsamlingsferd på Hedmarken i 1866 skreiv folkemusikksammlaren Ludvig M. Lindeman (1812–1887) ned tekst og melodi på «Abraham kalder». Teksten er identisk med andre verset i bruresalmen «Isachs giftermaal» / «I ærlige brudedefolk». Cassbuen viser i si salmebok frå 1866 til «Guds sønn er kommet til meg ned» sin melodi. Min variant har mykje til felles med melodien slik han står i Norsk salmebok (2013), nr. 335.

Halling frå Hedmarken

trad.

Dette er den einaste hallingen frå Hedmarken Lindeman skreiv ned på innsamlingsferda si i 1866. Så det så.

Tryslingreinlenderen

etter **Daniel Sveen (1912–2000), Løten**

Daniel Sveen er ei av dei kjeldene som har inspirert meg aller mest. I mellomkrigstida spelte han mykje til dans i Løten saman med trekkspelaren Ole Langmoen (1897–1979). Desse to hadde eit rikt repertoar av både små og store, nye og gamle slåttar. Tryslingreinlenderen hadde Daniel lært av far sin, Karl Sveen, som hadde lært den på tommerhogst i Trysil.

Menuett i Eb

av **Johannes Steenberg (1776–1801), Romedal**

«*Han var en i sin Kreds meget anseet Spillemand og Dansecomponist, og gamle Folke der i Egnen nævne endnu hans Menuetter som senere uopnaaede Mesterstykker. (...) Der fortælles at han komponerede denne Menuet paa sitt Dødsleie. Han bad om Blæk, Pen og Nodepapir og skrev med rask og fast Haand; saa lagde han sig tilbage i sengen og var Død.*» (Aftenposten, 1927).

Doktor Bergström

trad.

Dette er ein skikkeleg god danseslått, og favoritten til danseparet Anbjørg Myhra Bergwitz og Audun Grüner-Hegge.

Lille Ole

av **Tom Willy Rustad, Sør-Fron**

Lille Ole, det er meg. Tom Willy Rustad komponerte denne slåttan og spelte den då mor og far gifta seg i Løten kirke i 1994. Eg låg i vogna og skreik.

Frostnetter

av **Daniel Sveen**

Ei sein haustnatt laga Daniel denne masurkaen medan han sykla heim frå festspeling med fela på bagasjebrettet. Det er den einaste slåttan han har laga, og vi kan tydeleg høyre at han var inspirert av samtidas moderne dansemusikk.

Farvel, banksjefen

av **Aslak O. Brimi, Lom**

Aslak laga denne hallingen då musikalsk leiar i Gamlebanken spelemannslag, Synnøve S. Bjørset, skulle flytte frå studiar i Oslo og heim til Jølster. Gudbrandsdølenes spelemannslag har spelt denne mykje, og her kjem den på trekkspel i eige arrangement.

Gauken

etter **Ole Langmoen, Loten**

Trekkspelearen Ole Langmoen lærde slåttar av mor si som tralla, og fekk truleg denne varianten av vandre slåttan Gauken frå henne. Her spelar eg på ein kvarttonestemt toradar.

Skottenes hjemve

etter **Torvald Tronsgård (1892–1986), Follidal**

Under Kalmarkrigen sende svenskekongen bod på leigesoldatar frå Skottland. Dei gjekk i land på Åndalsnes og marsjerte ned Gudbrandsdalen. Rett sør for Otta fekk dei eit ublidt møte med illsinte lokale bønder, og slaget ved Kringen i 1612 var eit faktum. Dei lengta nok heim. Slåtten har eg lært gjennom Østerdølenes Spellmannslag.

Gilleråsinga

trad.

Eg drøymmer meg bort til dei evige polsmarker kvar gong eg høyrer denne slåttan. Spelkameratar John Ole Morken, Jørgen Nyrønning og Leif Ingvar Ranøien har alle inspirert meg til å lage mi eiga form.

Polka

etter **Kåre Busterud (1908–1984), Vang på Hedmarken**

Atle Lien Jenssen (1956–2011) gjorde eit fantastisk arbeid med innsamling av folkemusikk på Hedmarken. Polkaen er ein av fleire tøffe slåttar som står i boka hans «På Budor vi danse skar ...» (2007). Takk Atle!

Koral

av **Severin Jevnager (1869–1928), Elverum**

Jevnager var spelemann, korpsmusikar, dirigent og komponist frå Jømna i Elverum. Som liten gutunge høyrde eg gruppa «Over stok og steen» spele koralen, og den har sidan vore fast innslag på dusjsong-repertoaret mitt.

Forspell

av **Ole Nilssen**

Grovsmed på ball

av **Tom Willy Rustad**

Då eg høyrde denne slåttan for første gong, såg eg føre meg ein grovsmed gjere entré på ball for fintfolket i Gudbrandsdalen. Dei svære, skitne nevane og mørke vadmålskleda stod i ein sterk kontrast til pompøse brokadar og elegante dansetrinn. Her er Bjørn Kåre Odde og Espen Wensaas med på fele og cittern. (Arr: musikarane).

Då eg gjekk på folkemusikklinja på Vinstra kjente eg Ole berre som «Lille Ole» etter å ha høyrte Tom Willy Rustad sin nydelege komposisjon. Lite visste eg då at eg og Lille Ole i framtida skulle utvikle eit så godt samarbeid og nært venskap. No har han altså valt meg, felespelaren, som produsent på soloplatå si. Eit litt eksentrisk val, men ei stor ære for meg!

Ole har både under og etter utdanning ved Norges Musikkhøgskole nærast fått kasta prisar og utmerkingar etter seg. Kulturpris i heimkommunen, sigarar i danseklassene både på Landskappleiken og Landsfestivalen, Folkelarmpris og fleire talentstipend, for å nemne noko. Og det er ikkje vanskeleg å unne han alt dette. For Ole er særst dedikert i arbeidet han gjer, vere seg i arbeid med dokumentasjon, øving, konsertproduksjonar eller undervisning i spel og dans. Og han har det som kjenneteiknar ein muskar med overskot, kreativitet og musikalsk forståing; Han har evna til å gjere andre rundt seg betre.

Denne plata speglar godt korleis Ole er som person og muskar. Uredd og eigenrådig, men audmjuk overfor tradisjonen og særst medviten på musikalske val. Underbygging av råskap og dristigheit, så vel som det vare og melankolske. Detaljfokusert, men spontan og leiken.

Dette er ei variert, personleg og godt gjennomarbeidd plate som er lett å like. Samstundes er ho full av detaljar som gjer at ein ved fleire gjennomlyttingar kan oppdage nye og spennande aspekt i musikken. Eg er stolt over å ha teke del i denne produksjonen, og ynskjer Ole all verdas hell og lukke med utgjevinga.

Bjørn Kåre Odde





Mother, father, and pols. Those were my first words. Standing on two legs, supported by the living room table, and with a light bounce in my knees, I constantly asked to hear “Borghild-polsen” on the CD player.

Since we were very young, my sister Anne and I have attended competitions and festivals, dance parties and dance practices every summer. My mother and grandmother taught me to dance, and my father and grandfather taught me to play. Things were destined to turn out the way they did.

Every week my grandfather invited me over to do homework and play diatonic button accordion. We solved math problems, ate dinner, drank coffee, and played accordion. Later, I received my first chromatic button accordion, and after two years of incessant practicing

I entered the folk music program at Vinstra High School. I encountered a fantastic atmosphere in Vinstra, with music-hungry peers from all over Norway. Tom Willy Rustad steered the ship, and the course was set towards the Norwegian Academy of Music (NMH).

At NMH I worked hard, had endless practice sessions, and learned a lot of new material. In addition to expert guidance from Jon Faukstad and Jo Asgeir Lie, my skilled and knowledgeable fellow students also inspired my exploration of the world of folk music.

The tunes you’ll hear on this album are tunes I have played since I was little, tunes I have just discovered, tunes I learned from others, and tunes I have found in old tune collections. Old tunes and new tunes. I hope you’ll enjoy them.

Den faan spelte i Skjeftåsen

trad.

The legendary “Halteguten”, Ola Porkkala Lekmoinen, from Finnskogen could play himself into a trancelike state, and he didn’t stop playing until the strings were cut off of his fiddle. His fiddle was still playing on the day he died, even though his heart had stopped. And for three whole days his fingers played in thin air before finally coming to rest. On one of his many fiddling trips, Halteguten heard the Devil himself play this tune.

Abraham kalder

after **Borger Simonsen Hestnæs (1793–1869),
Stange**

During a collecting trip in Hedmarken in 1866, folk music collector Ludvig M. Lindeman (1812–1887) transcribed the lyrics and melody of “Abraham kalder”. The lyrics are identical to the second verse of the bridal hymn “Isachs giftermal” / “I ærlige brudefolk”. In his hymn book from 1866, Cassuben refers to the melody of “Guds sønn er kommet til meg ned”. My version has a great deal in common with the melody as it is notated in Norsk salmebok, no. 335 (2013).

Halling frå Hedmarken

trad.

This is the only halling tune from Hedmarken that Lindeman transcribed during his collecting trip in 1866.

Tryslingreinlenderen

after **Daniel Sveen (1912–2000), Løten**

Daniel Sveen is one of the sources that has inspired me most. During the interwar period he played often at dances in Løten with accordion player Ole Langmoen (1897–1979). The two of them had an abundant repertoire of both small and large, new and old tunes. Daniel learned “Tryslingreinlenderen” from his father, Karl Sveen, who had learned it while cutting timber in Trysil.

Menuett i Eb

by **Johannes Steenberg (1776–1801), Romedal**

“In his circle he was a highly-esteemed fiddler and dance composer, and old people in the area still refer to his menuett tunes as unachieved masterpieces. (...) It is said that he composed this menuett on his deathbed. He asked for ink, a pen, and manuscript paper and wrote with a quick and firm hand; then he lay back in bed and was dead.” (Aftenposten, 1927).

Doktor Bergström

trad.

This is a really good dance tune, and the favourite of the dance couple Anbjørg Myhra Bergwitz and Audun Grüner-Hegge.

Lille Ole

by **Tom Willy Rustad, Sør-Fron**

“Little Ole” (“Lille Ole”) – that’s me. Tom Willy Rustad composed this tune and played it when my mother and father married at Løten Church in 1994. I lay in the carriage screaming.

Frostnetter

by Daniel Sveen

Daniel composed this masurka one late autumn night while bicycling home after playing at a party, with his fiddle on the luggage carrier. This is the only tune he composed, and we can clearly hear that he was inspired by the modern dance music of his era.

Farvel, banksjefen

by Aslak O. Brimi, Lom

Aslak composed this halling tune when the musical director of Gamlebanken spelemannslag, Synnøve S. Bjørset, was moving home to Jølster after studying in Oslo. Gudbrandsdølenes spelemannslag has played this tune a great deal, and I play my own arrangement of the tune on accordion.

Gauken

after Ole Langmoen, Loten

Accordion player Ole Langmoen learned tunes from his mother, who sang, and he probably learned this variant of the travelling tune “Gauken” from her. On this track I play a diatonic button accordion tuned in quarter tones.

Skottenes hjemve

after Torvald Tronsgård (1892–1986), Folldal

During the Kalmar War, the Swedish king sent for mercenaries from Scotland. They went ashore in Åndalsnes and marched down the Gudbrandsdalen valley. Just south of Otta they had a hostile encounter with hot-tempered local farmers, and the Battle of Kringen in 1612 became a reality. They probably longed for home. I learned this tune through Østerdølenes Spellmannslag.

Gilleråsingen

trad.

I get lost in a dream in the endless land of pols every time I hear this tune. My musician friends John Ole Morken, Jørgen Nyrønning, and Leif Ingvar Ranøien have all inspired me to make my own version of the tune.

Polka

after Kåre Busterud (1908–1984), Vang in Hedmarken

Atle Lien Jenssen (1956–2011) did a fantastic job of collecting folk music in Hedmarken. This polka is one of several great tunes published in his book, *På Budor vi danse skar...* (2007). Thank you Atle!

Koral

by Severin Jevnager (1869–1928), Elverum

Jevnager was a fiddler, band musician, conductor, and composer from Jømna in Elverum. As a little boy I heard the group “Over stok og steen” play this chorale, and it has since made regular appearances in my shower song repertoire.

Forspell

by Ole Nilssen

Grovsmed på ball

by Tom Willy Rustad

When I heard this tune for the first time, I imagined a blacksmith make an entrance at a ball for the upper class in Gudbrandsdalen. His large, dirty hands and dark, homespun clothing stood in strong contrast to pompous brocades and elegant dance steps. Bjørn Kåre Odde and Espen Wensaas join me here on fiddle and citter. (Arr: the Musicians).

When I attended the folk music program in Vinstra, I only knew Ole as “Little Ole”, after having heard Tom Willy Rustad’s beautiful composition of the same name. Little did I know that Little Ole and I would develop such a good working relationship and close friendship in the future. Now he has chosen me, a fiddle player, to be the producer of his solo album. A slightly eccentric choice, but a great honour for me!

Both during and after his education at the Norwegian Academy of Music, Ole has practically been buried in prizes and awards. He was awarded the Culture Prize in his home municipality, won the dance categories at both Landskappleiken and Landsfestivalen, and has received a Norwegian Folk Music Award and several talent scholarships, to name a few. And he deserves all of this. Because Ole is extremely dedicated to his work, whether it be documentation, practicing, concert productions, or teaching music and dance. And he has that which distinguishes a musician with surplus energy, creativity, and musical understanding: he has the ability to make those around him better.

This album is a good reflection of who Ole is as a person and as a musician. Fearless and obstinate, but respectful of tradition and particularly aware of musical choices. A foundation of rawness and courage, as well as sensitivity and melancholy. Detail-focused, yet spontaneous and playful.

This is a varied, personal, and well-prepared album that is easy to enjoy. At the same time, it is full of details, so that you may discover new and exciting elements in the music on each listen. I am proud to have taken part in this production, and I wish Ole all the world’s good fortune with the release.

Bjørn Kåre Odde





Guest Musicians:
Bjørn Kåre Odde (fiddle, viola)
Espen Wensaas (cittern)

Producers: Bjørn Kåre Odde and Tor Magne Hallibakken
Recorded, mixed, and mastered at Hallibakken Lyd-
produksjon, February 2017
Sound Technician: Tor Magne Hallibakken
Photography: Cathrine Dokken
Graphic Design: Eva Karlsson
Copy Editing: Synnøve S. Bjørset
English Translation: Laura Ellestad

Thanks to: Kari og Stig Nilssen, Ingrid og Knut Nilssen,
Nina og Oddbjørn Kleppen, Bjørn Kåre Odde, Tor Magne
Hallibakken, Eva Karlsson, Cathrine Dokken, Laura
Ellestad, Espen Wensaas, Tom Willy Rustad, Thomas
Nilssen, Jon Faulstad, Jo Asgeir Lie, Øyvind Sandum,
og Synnøve S. Bjørset.

Booking: mail@olenilssen.com
www.olenilssen.com

The following accordions were used on this recording:
Pigini Master 58
Castagnari King
Castagnari Handry
Castagnari Marc (tuned in quarter tones)*
Castagnari Hascy

**A diatonic/chromatic button accordion is normally tuned using the equal temperament scale, like a piano, on which the interval between each note is calculated mathematically and is equidistant. This diatonic button accordion is tuned in such a way that some of the notes are "in the middle of the black and white keys" on the piano.*

This production has received financial support from Norsk Kulturråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Sogn og Fjordane Musikkfond, Løten kommune, and Hedmark Folkemusikklag.



Danfonia

01. Den faan spelte i Skjeftåsen 02:20
02. Abraham kalder 02:01
03. Halling frå Hedmarken 02:11
04. Tryslingreinlenderen 02:44
05. Menuett i Eb 03:00
06. Doktor Bergström 02:24
07. Lille Ole 03:53
08. Frostnetter 04:11
09. Farvel, banksjefen 02:23
10. Gauken 01:34
11. Skottenes hjemve 04:06
12. Gilleråsingen 02:49
13. Polka e. Kåre Busterud 03:00
14. Koral av Severin Jevnager 02:42
15. Forspell 00:42
16. Grovsmed på ball 03:34